

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

27

Corrosion Solutions Norway AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Brev fra Lindås kommune angående Næringsfondet Lindås - 2016

Vedlagt fylgjer brev frå Lindås kommune

Lindås kommune har tatt i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

I staden for å få brev på papir kan du få det levert til digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Om du ikkje har digital postkasse vil du få brev i Altinn. Les meir på <http://www.lindas.kommune.no/> eller på www.norge.no.

Bedrifter og organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via ei rolle som er definert på førehand. Varsel blir sendt til registrert e-postadresse. Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing
Lindås kommune



Corrosion Solutions Norway AS
Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:PJFYH4- Skjemanr.:4378
Vår: 16/268 - 16/33822

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:

09.12.2016

Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
150/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

Corrosion Solutions - søknad på næringsfond

Vedlegg :

Søknad om tilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune løyver 150.000kr til det omsøkte prosjektet «utvikling av effektiviserande verktøy og opplæring»

Formannskapet - 150/16

FO - behandling:

Nærings sjef Øystein Sørhaug orienterte om sakene.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune løyver 150.000kr til det omsøkte prosjektet «utvikling av effektiviserande verktøy og opplæring»

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Corrosion Solutions (CS) er ei nyetablert verksemd tilknytta IUUV-miljøet i Knarvik. CS skal bygge seg opp som eit serviceselskap og levera varer, tenester og teknologi innafor preservering og vedlikehald. Dei har den siste tida spesialisert seg på å ta i bruk ein ny og unik overflatebehandling som vil redusera korrosjon og beskytta installasjonar og utstyr mot degradering og slitasje. Materialet skal vera overlegent alt som finst på marknaden i dag. Til dette har dei fått til ein «distribution agreement» med Oxifree Ltd på 5+5 år. Avtalen gjer altså CS einerett til eit basisprodukt som nemnd ovanfor – men som og gjer at verksemda

kan utvikla nye produkt og nye tenester innan korrosjonsvern.

Verksemda fekk 50.000kr i støtte frå næringsfondet våren 2016, og har levert inn sluttrapport for dette prosjektet.

Verksemda har gjennomført marknadsavklaringsfase, som har identifisert drivare for vidare kommersialisering mot marknad. I løpet av vår 2017 skal verksemda ha utvikla metodikk/verktøy for korleis ein kan starta utførande preservering på utstyr i Mongstad-miljøet.

Det omsøkte prosjektet skal resultera i at ein får på plass former og produksjonsmetodar hos levarandørar i Nordhordland.

Verksemda ønskjer å utvikla to nye produkt som vil vera tilpassa eksisterande tenesteprofil.

Kostnadsaktivitetane i prosjektet er oppgitt til å vera:

· Design og utvikling av prototype	150.000 kr
· Produsere pilotserie	500.000 kr
· Test av pilotar	200.000 kr
· Opplæring i bruk av teknologi	100.000 kr

Totalt prosjektkostnadar 950.000 kr. Prosjektet ber næringsfondet om 200.000 kr (21%).

Vurdering

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Det er og nokre kapitalgrenser som er satt i retningslinjene til fondet.

I det omsøkte prosjektet vil både samarbeidstiltak og kompetanseutvikling blant desse aktørane vere viktige vurderingskriteria.

Spesielt kjekt er det at verksemda og prosjektet ønskjer eit tydeleg utviklingsløp, og kor både Nordhordland har potensielt fleire samarbeidspartnarar men og mange aktørar som kan vera representert på marknadssida. Verksemda kan klart skapa fleire arbeidsplassar.

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Her vil fleire strategiar vere relevant, for eksempel gjeld det ny industrireising på Mongstad og også med eit tydeleg fokus på nyskaping og entreprenørskap.

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland 2016-2025 har definert 4

fokusområder, deriblant næringsliv og innovasjon/gründerskap. Det overordna målet er definert som at næringslivet skal vera nyskapande og robust. Det er ein strategi i planen at ein skal stimulere til meir teknologi- og produktutvikling.

Planen er vedteken av Lindås kommune og fleire av måla og strategiane er passande til det omsøkte prosjektet.

Den regionale næringsplanen til Hordaland 2013-2017 er og tydeleg på at ein ønskjer enno meir entreprenørskap og innovasjon, herunder fleire gode gründarar og fleire vekstkraftige verksemder. Det betyr i praksis at ein må bidra til finansiering av verksemder i tidleg fase og til utviklingsprosjekt med risiko, som det også står eksplisitt om i planen.

Planen er vedteken av Lindås kommune og det ovanstående vil vera relevant i den samla vurderinga av det omsøkte prosjektet.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen er og tydeleg på at rammvilkår til næringslivet er eit sentralt poeng kor det offentlige kan bidra og bistå med å avlaste og redusere prosjektrisiko og tildele økonomiske tilskott. Planen peikar og på innovasjon- og entreprenørskapssatsingar som viktige bidrag for næringsutvikling.

Planen er vedteken av Lindås kommune.

Etter ei samla vurdering ønskjer Lindås kommune å løyve 150.000kr til det omsøkte prosjektet (15,8%).

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

.....